

Ta Dampen til Bergen på Fjordsteam neste torsdag.

25.07.2018



DS STORD 1 vil ha avgang Rosendal torsdag 2. august kl. 11 til Fjordsteam i Bergen.

**Det store veteran- og skutetreffet Fjordsteam går av stabelen neste helg i Bergen, 2. - 5 august. Då har du sjansen til å ta ein av mange rutebåtar til Bergen slik det var for 50 år sidan. DS STORD 1 går frå Rosendal torsdag kl. 11. MS LINDENES med Johan Brigsten som kaptein har avgang frå Varaldsøy og Gjermundshamn. Alle rutebåtane går samla inn til Bergen og skal vera på plass til opninga kl. 18.**

Med Fjordsteam har alle ein unik sjanse til å få oppleve ei tradisjonell ruteferdsel prega v kultur, nostalgi og folkefest. 60 farty er påmeld. Ni av dei er dampskip. Tre er mindre dampbåtar.



STORD 1 er eit dieseldrive dampskip. For dei som ysnkjer det, vert det høve til å få sjå maskinrommet.


DS STORD 1 var bygd i 1913 for HSD sine langruter. Rosendal var stoppestad i Oddaruta. 105 år etter at SORD var sett i rute kan du på nytt få oppleva turen frå Kvinnherad til Bergen. Turen vil ta 5 timar og det vert stopp på Malkenes og på Våge.

Harald Sætre frå Uskedalen hjelper til med PR og marknadsføring. Han rår kvinnheringane til å bruka dette tilbodet og få oppleva ei byreis med eit dampdrive langruteskip På turen til Bergen vert det sal av mat og drikke. DS STORD vil gå til Rosendal onsdag 1. august med avgang Bergen kl. 11. Her kan passasjerar også vera med. Billettar ved påstiging.

Dersom det høver betre med avreise frå Stord, så er snøggruta SUNNHORDLAND og natruteskipet RO GALAND klar for avgang Leirvik kl. 11.30 og kl. 10.15. SUNNHORDLAND går ytre lei med stopp på Rubbestadneset og Fitjar. RO GALAND går indre lei med stopp på Sævareid.

**Billettar kan tingast på [www.fjordsteam.no](http://www.fjordsteam.no) eller ved påstiging på Skåla torsdag 2. august kl. 11. Pris: kr. 300,- Born: kr. 75,- Det vert tilrådd å sikra seg billett på førehand.**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Byreisa med DS STORD 1 er rekna til fem timar. Det er sal av mat og drikke ombord.